




Skjermen viser:	I timen:
	Introduser temaet og start med å sjå Venner på skolen - YouTube
	Kva skjer på dette bildet?
	- Og kva skjer her? - Korleis kjennes dette for den det går utover?
	Kva skal til for at alle skal vere snille og gode på ekte?
Å vere gode klassevenner og vise det med heile seg	Å vere gode klassevenner og vise det med heile seg: Bruk ein av desse øvingane eller jobb med materiellet i den gråe boksa «Å vere ein god skolevenn»
Vennetunellen: Heile klassa lagar ein tunell ved å stå overfor kvarandre i to rekker med ca 1-2 meter i mellom. Kvar elev som vil prøve skal gå fram og tilbake i tunellen. Den først vegen skal elevane som står tunell ignorere eleven ved å ikkje møte blikket og vere heilt stille. På veg tilbake skal tunell-elevane sjå på eleven med gode blikk og seie noko venleg som: «Vil du leike med meg?» «Du er snill» «Skal vi vere vener?» «Eg likar deg» eller berre «Hei!» Spør eleven etterpå korleis forskjellen var. Spør elevane i tunellen korleis forskjellen var for dei. Anerkjenn og forsterk det som kjem fram. Berre dei som sjølv vil, skal prøve. Når elevane har sett seg ned igjen er det fint om de set ord på korleis denne erfaringa kan nyttast i skolekvardagen. Blikk-kontakt: Elevane sit i ein ring med ein stol for lite. Den som står i midten skal forsøke å kapre seg ein av stolane ved å få blikk-kontakt med ein av dei som sit. Får ein blikk-kontakt <i>må</i> ein bytte plass. Men samtidig skal alle elevane i sirkelen prøve å bytte plassar med kvarandre når dei får blikk-kontakt med kvarandre. Reglane er difor enkle: Du skal bytte plass med den du får blikk-kontakt med, og den som står i midten kan i tillegg prøve å ta ein av plassane som blir ledig. Denne leiken er også fin til å bruke til å raskt bytte om på kven som sit kvar i ein sirkel. Snakk gjerne med elevane etterpå om korleis det kjennes å møte blikket til kvarandre; kjenner dei at blikk-kontakt med andre gir oss energi? Kva er forskjellen på gode og vonde blikk?	
	Korleis påverkar orda våre oss sjølv og andre? Introduser filmen med å fortelje kva den handlar om og lære ordet gossip på engelsk: Haschak Sisters - Gossip Girl - YouTube Korleis kunne vi sjå kva filmen handla om sjølv om vi ikkje forstod alt dei sa?
Er det mogleg å ta tilbake ord som er sagt?	Øvingar som viser kva ord kan føre til – vel ein av desse: <u>Glitter aktivitet:</u> Elevane sit eller står i ein sirkel. Sei til elevane at målet er å gi glitteret (helst finkorna glitter) vidare til alle i sirkelen utan å søle noko glitter eller at noko av glitteret sit igjen i hendene til elevane. Det er viktig at ingen

	vaskar hender for å fjerne glitteret før øvinga er over. Glitteret skal samlast tilbake i eska etter at det har vore innom alle sine hender. No skal lærar samanlikne glitteret med baksnakking. Start med å sjekke om elevane veit kva baksnakking er? Kva har baksnakking til felles med glitter? ○ Spør først om dei kan beskrive glitter (det er fint, skinnande, spennande) ○ Spør kva dei trur glitter og baksnakking har til felles (eksempel: litt av glitteret heng igjen hos dei som har delt det, det gjer også baksnakking: det spreiar seg raskt sjølv om du ikkje vil det, det er vanskeleg å rydde opp, det verkar spanande, men det blir som mykje rot av det osv.) ○ Be elevane lukke augene og rekke opp handa om dei har a) høyrte baksnakking om seg sjølv og b) høyrte baksnakking om andre. • <u>Tannkrem</u>: gi elevane eit ark med nokre strekar på, ein liten tube med tannkrem og ein smørekniv. Be elevane trykke ut tannkrem til å dekke over strekane på arket. Når dei er ferdige be dei bruke kniven til å putte tannkremen tilbake i tuben. Når dei ikkje får til dette så kan lærar forklare at dette er det same som med negative ord/handlingar; når dei først er sagt eller gjort så er det umogleg å ta dei tilbake slik at alt er som før. • <u>Glatt ut eit krølla ark</u>: gi elevane kvart sitt ark som dei skal krølle saman til ein ball. Gi så beskjed om å lage arka til slik dei var før dei vart krølla. Få det akkurat like heilt, flatt og fint. Lærar samanliknar med negative ord og handlingar; når noko er gjort/sagt så er det umogleg å få det like fint igjen. Heng gjerne eit av arka opp i klasserommet for å minne om å bruke orda våre på ein god og snill måte.
	Øv gjerne på å reparere relasjon (unnskyld) samtidig. Du finn det du treng i den gråe boksa.
	Sjå The ABC's Of You by The Juicebox Jukebox New Alphabet Educational School Kids Songs 2021 - YouTube og lær nokre fine ord om i vennskap på engelsk
Lag vennesuspe: Elevane står i ein ring og «rører i ei stor gryte» med ei arm, neste arm, ein fot, den andre foten osv, medan alle skal legge ingrediensar i suppa. Ingrediensane er «det du synes er viktig at ein god venn seier, er eller gjer» (type ærleg, snill, venter på meg, leikar med meg...)	
Sjå IGA #Inseparable - YouTube og snakk med elevane om korleis desse viste til kvarandre at dei var venner sjølv om dei ikkje brukte ord?	
Gjere fine ting for andre - og for oss sjølv: Innfør oppdragskort og oppdragsplakat her	
Sjå gjerne denne eller nyare variantar også: Årets Blime!-låt: «Dilla På» - YouTube	
Bruk leikar frå dette leikeheftet: io.kommune.no/tjenester/skole-og-utdanning/robuste-barn/lekehefte/	